

Avtale om omlegging av vassleidning

Mellom Meland kommune og eigar av gnr..... bnr..... i Meland er inngått følgjande avtale:

1. Meland kommune skal legge om vassleidninga som går over dykkar eigedom. Årsaka er brot på eksisterande vassleidning. Grunneigar gjev Meland kommune rett til å leggja om vassleidninga på eigedomen. Den aktuelle plasseringa av leidninga er synt på vedlagte kart. Det kan bli gjort mindre tilpasningar av trasèen i samband med utføringa av anlegget. Sameleis får Meland kommune rett til tilkomst til leidningane og infrastruktur i anleggstida og tilkomst for seinare inspeksjon, ettersyn og vedlikehald. Eksisterande vassleidning vert liggande brakk.
2. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg.
3. Påviselege anleggsskadar på grøfter skal utbetrast så langt dette let seg gjera. Skadar som påviseleg skuldast anleggsarbeidet, har ein kommunal garanti på 5 år. Dersom partane ikkje blir einige om skadane er tilstrekkeleg utbetra, skal ein fagperson frå landbruksforvaltninga i kommunen avgjere saka. Eventuelle andre påviseleg anleggsskadar på bygningar eller liknande skal utbetrast i den grad det er mogleg. Dersom det praktisk ikkje let seg gjera å utbetra skaden på tilfredstillande måte, skal det gjevast vederlag etter minneleg avtale. Dersom det ikkje vert semje om slik avtale, skal det gjevast vederlag etter skjønn.
4. I ein fråstand på 4 m frå midt-grøftetrasè må det ikkje førast opp bygg, gravast, sprengjast eller i det heile setjast i verk tiltak som kan medføre fare for leidningen utan nærare avtale med Meland kommune. I dette feltet skal det heller ikkje plantast tre. Ellers må det tett inntil infrastrukturen visast varsemd slik at det ikkje vert skadar på anlegga. Ein føreset at vassleidningen vert lagt med minst 1 m overdekning
5. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen, kan grunneigar, dersom det er ønskeleg, kontakte Meland kommune for felles synfaring.
6. Denne avtalen kan tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar tinglysingskostnadane

Stad og dato:.....

Stad og dato:.....

Eigarar av gnr. bnr.

Meland kommune

.....

.....

Personnr:.....

Orgnr: 951 549 770

.....

Personnr:.....